



Møte i Sykkylven sokneråd 6. desember 2016

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

Til stades: Torbjørn Støylen, May Lisbeth H. Aurdal, Liv Hole, Janne Svindseth, Bjørg Djupvik Grebstad, Marit Akslen, Helge Standal og Per Bjørnar Tynes.

Sak 37/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 38/16 Godkjenning av referat frå møte 08.11.2016

Referatet vart godkjent.

Sak 39/16 Val

Det var skriftleg val.

Val av leiar: May Lisbeth Hovlid Aurdal: 7 stemmer, 1 blank stemme

Nestleiar : Bjørg Djupvik Grebstad 8 stemmer

Referent: Knut Henning Aursnes var ikkje til stades, men det vart samstemt ynskje om attval.

Sak 40/16 Kjøp av reproduksjon av glasmåleria i gamle-kyrkja.

Det vart framlagt på møtet dei to første trykka.

Vedtak: Soknerådet godkjenner dei to trykka som var framlagt og gir klarsignal til vidare arbeid på dei neste 7 bilda.

Sak 41/16 Misjon

May Lisbeth hadde ein presentasjon av misjon i vår kyrkjelyd og i NMS.

Vedlagt finn de:

- Referat frå møte i Misjonsutvalet
- Brev frå NMS til avtalekyrkjelydane
- Mandat for Misjonsutvalet
- Stikkord for samtale med kyrkjelydar med misjonsavtale og Misjonsavtale
- Brevet som vi sendte ut til førre møte: Menighet og misjon i Møre bispedømme frå biskopen.


Vedtak:

1. Mandata for Misjonsutval vart godkjent
2. Soknerådet går for ein Misjonsavtale mellom Sykkylven kyrkjelyd og NMS. Soknerådet går inn for at ein i 2017 samlar inn kr. 25.000,- til NMS – Thailand. Vi tek att denne avtalen på desembermøtet 2017 og ser på om vi skal endre summen.

Sak 42/16 Offerliste 2017

Offerliste for 2017 vart lagt fram av Helge Standal.

Vedtak: Vedlagte offerliste vart godkjent.



Sykkylven sokneråd

Orientering om givartenesta i kyrkja.

Kor mykje kjem det inn i offer i kyrkjene.

Kor mykje er det vi samler inn til oss sjølve og kor mykje sender vi frå oss.

Sjå vedlegg

Møteplan: Neste møte 17.januar 2017 kl. 20.00

Referent: Torbjørn Støylen

MANDAT

for felles misjonsutval for Sykkylven og Ikornnes sokn

**Misjon skal vere ein dimensjon i alt kyrkja er og gjer,
- både for barn, ungdom og vaksne.**

Misjonsutvalet skal arbeide for å verkeleggjere denne visjonen.

- Misjonsutvalet (MU) blir oppnemnt av sokneråda og rapporterer til sokneråda.
- Kvart av sokneråda oppnemner 1-3 medlemmer til MU. Ein bør tilstrebe kjønnsbalanse. Oppnemninga følger SR sin periode. MU vel sjølv leiar og fordeler evt. andre funksjonar i utvalet.
- MU skriv referat frå sine møter. Referata vert sendt til sokneråda som orientering.
- MU følger opp misjonsavtalar og misjonsprosjekt som kyrkjelydane har med misjonsorganisasjonane.
- MU kan kome med forslag til nye misjonsprosjekt/avtalar og legge desse fram for sokneråda. Viss soknerådet(a) sjølv ynskjer nye misjonsprosjekt/avtalar, vert dette lagt fram for MU før soknerådet(a) tek avgjersler.
- MU held kontakt med «Samarbeid for Menighet og Misjon» (SMM) i bispedømet.

Vedteke Sykkylven sokneråd 06.12.2016

Offer i gudstenestane i Sykkylven kyrkje 2017

1. For 2017 vedtar Sykkylven sokneråd 25 offer til eksterne organisasjonar, 23 offer til kyrkjelydsarbeidet.
2. Offer til eksterne:

NMS (inkl. misjonsprosjektet):	4
NLM	1
Den norske Israelsmisjon	2
Det norske Bibelselskap	1
ACTA	1
Kirkens Nødhjelp	3
Kirkens SOS	1
Strømmestiftelsen	1
NKSS (Laget)	1
Himalpartner	1
Ung kyrkjesong	1
Sunnmøre Søndagsskulekrins	1
Speidargruppa i Sykkylven	1
Sjømannskirken	1
Stefanusalliansen	1
Wycliffe (Bibeloversetjing)	1
Misjonsalliansen	1
KRIK	1
KFUM/K	1
3. Soknerådet gjev soknepresten i samarbeid med misjonsutvalget fullmakt til å fordele offersøndagar.
4. Dersom det blir søndager "til overs", får soknepresten fullmakt til å bestemme offer på desse søndagane, og legg fram ei oversikt/orientering for soknerådet ved utgangen av året.

Sykkylven, 24.10.2013

Helge Standal
sokneprest